



STOPP: Frå i morgon er det slutt på snøggbåtruta mellom Bergen og Frekhaug/Knarvik.

Legg ned båten

Alt i morgon er snøggbåtruta mellom Nordhordland og Bergen historie, for denne gong. Men politikarane håpar å få båten i gang att.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Selskapet BNR, som driv snøggbåten, sende i går ut ei pressemelding, der dei opplyste at snøggbåtruta vert stansa frå i morgon, onsdag 1. februar. Grunnen er at dei ikkje lenger kan driva ruta med slike underskot som ho no har. Dagleg går ruta med rundt 10.000 kroner i underskot på grunn av altfor lågt passasjertal.

I pressemeldinga beklagar BNR at dei ikkje kan tilby passasjerane sine vidare drift, men håpar å koma sterkare att.

BNR legg skulda for stansen på Skyss/Hordaland fylkeskommune, som dei meiner ikkje har vore villige til å gje dei driftsvilkår som dei kan leva med.

Ruta kom i gang 5. desember i fjor.

Håpar framleis

– Me tykkjer det er synd at BNR vel å stansa snøggbåtruta no, men me håpar at nye forhandlingar mellom fylkeskommunen og selskapet skal gjera at ruta kjem i gang igjen, seier fylkesordførar Tom-Christer Nilsen (H) til Strilen.

Han viser til at seinast torsdag i førre veke gjorde fylkesutvalet vedtak om at ruta skulle haldast oppe fram til ny konsesjonsrunde i 2014. I vedtaket vart fylkesrådmannen pålagt å ta kontakt med BNR for å koma fram til ei løysing for vidare drift.

Har pengar

Nilsen viser at til at der er politisk vilje i fylkeskommunen til å bruka pengar, slik at snøggbåtruta kan haldast oppe.

– I budsjettet før jul vedtok me å setja av pengar til auka ruteproduksjon i fylket, og pengar derifrå kan nyttast til dette, seier han.

Kor mykje pengar det er snakk om å bruka, og kva den nye billettprisen på snøggbåten kan verta, kan han ikkje seia i dag.

– Det er slikt som forhandlingane må avklara, seier han.

Ein av grunnane til at lite folk har reist med snøggbåten, er at

billettprisen der er nesten det doble av kva det kostar med buss mellom Bergen og Knarvik/Frekhaug.

Nilsen viser og til at viss ikkje forhandlingane mellom fylkeskommunen og BNR fører fram, kan det verta aktuelt å framskunda anbudsprosessen for denne ruta.

– Der er også ein del juridiske detaljar som det må finnast løysing på, seier han.

Som frykta

– No gjekk det slik me hadde frykta, at BNR legg ned ruta, seier Sveinung Valle (Ap) i ein kommentar til vedtaket i BNR.

Valle er frå Lindås og sit i fylkesutvalet. Han viser til at då saka var oppe før jul, gjekk mindretallet i fylkesutvalet inn for å løyva 3,5 millionar kroner til drifta av snøggbåten. Det gjekk fleirtalet med Høgre i spissen den gongen mot.



HÅPAR: Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen håpar dialog med BNR skal få ruta i gang igjen. (Arkivfoto)

– Når båten sluttar å gå, vert det vanskeleg å få han i gang igjen, seier han.

Men også han håpar at forhandlingar mellom BNR og fylkeskommunen skal leggja grunnlag for at båtruta kan koma i gang igjen.

Strilen rettar om vindkraft i Radøy

Fleire lesarar vart forbausa og forvirra då dei las Strilen sitt referat frå presentasjonen av Energiutgreiinga for Radøy 2012 frå formannskapsmøtet. Dei vart forbausa med rette, avisa hadde rota med tala. Strilen har stor tru på at Radøy kommune kan få til mykje, men eit teoretisk potensiale på 60 TWh frå vindkraft, som me skreiv, er feil. Det rette teoretiske potensiale for vindkraft i heile Noreg er på 76 TWh, så Radøy sin andel er nok noko lågare. Me beklagar også at ordet «anbefalar» vart nytta, då dette ikkje stemmer med det nøytrale mandatet som BKK har når dei omtalar energisituasjonen i Radøy.

Ikkje slepp hundane fri

Ei dame i Meland vart førre veke vitne til korleis ein hund som ikkje gjekk i band, jaga ein hjort ut i veggen like ved Frank Mohn Piping på Hjertås. Hjorten kryssa veggen like framfor ein bil, og det kunne lett ha ført til ei ulukke. Kvinna minner om at det er bandtvang for hundar også om vinteren.

Speledag på biblioteket

Komande fredag opnar biblioteket i Knarvik dørene for dei som likar å driva med spel. Både små og store er velkomne til speledagen.

Ein av grunnane til arrangementet er at det er planleggingsdag både i skular og barnehagar. Dermed kan born nytta delar av dagen til å spela på biblioteket si staden for å vera heime.

Dei første to timane er avsett til dei under 10 år, med puslespel, brettspel og Wii Lego RockStar.

Dei neste to timane kan born over 10 år møta opp og spela Playstation3 med turnering i Singstad og Quiz. Her vert alle utfordra til å finna si «indre rockestjerne».

Song og sterk historie på Sletta

Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Rune Vidar Fjelde har konsert i Emigrantkyrkja på Sletta fredag kveld. Fjelde er kjend frå bedehusmiljøet i Rogaland, fortel Arvid Kjerstad Aasgard i Utvandringssenteret venner til Strilen. Det er dei som arrangerer konserten.

Ifølgje Aasgard spelar Fjelde musikk i countryfolk-stilen.

Han har mellom anna gjeve ut plata «Sakkeus og di», og han vil framføra songar frå denne plata på konserten.

Som spesiell gjest har Fjelde med seg Aslaug Klungland. Ho er enkja etter Sigve Klungland, politimannen som vart skoten og drepen under Nokas-ranet i Stavanger for nokre år sida. Ho vil fortelja om livet sitt etter denne tragiske hendinga.

Ove Veberg
Salgskonsulent
Privat og Bedrift
Nordhordland
Tlf: 908 67 031

Anders Strand
Montør
Nordhordland
Tlf: 950 74 370

- markiser
- persienner ute/inne
- lamellgardiner
- plisségardiner
- rullegardiner
- levegg
- vindussprosser

Alt innen solskjerming & vedlikeholdsfrie sprosser

Fasadeprodukter er en av landets ledende leverandører av solskjerming. Vi kommer gratis hjem til deg med gode råd og løsningsforslag. Ta derfor kontakt med vår lokale konsulent eller ring **GRATIS: 800 80 488**
www.fasadeprodukter.no

Arvidsgaard